

**SAKSPAPIR**

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh
Formannskapet	02.12.2014	095/14	GIS
Kommunestyret	16.12.2014	118/14	GIS

Saksansvarleg Liv Margareth Østervold	Arkiv: N-751 Objekt:	ArkivsakID 14/2385
---	---------------------------------------	------------------------------

STRATEGI FOR INNFARTSPARKERING FRAM MOT 2030 - HØYRING**Dokumentliste:**

Nr	T	Jp.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.11.2014	Hordaland Fylkeskommune	HØYRING. STRATEGI FOR INNFARTSPARKERING - FRAM MOT 2030
3	U	17.12.2014	Hordaland Fylkeskommune	STRATEGI FOR INNFARTSPARKERING - HØYRINGSUTTALE

Saksutgreiing:

Hordaland Fylkeskommune har sendt ut «Strategi for innfartsparkering – fram mot 2030» ut på høyring. Høyringsfristen er 31.12.2014. Ei tverrpolitisk arbeidsgruppe har vore med i arbeidet med strategidokumentet.

Utgreiinga byggjer på røynsler med innfartsparkering i Bergensområdet frå dei siste åra. Det er ei rekkje anlegg som skal gje høve til å parkera privatbilen for å reisa vidare med kollektivtransport som inngår i vurderingsgrunnlaget.

Utgangspunktet er at etablering av innfartsparkering ikkje er eit mål i seg sjølv, men at tilrettelegging for slik parkering vil vera eit verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken – å auka talet på kollektivreiser og å redusera biltrafikken – særleg i rushtida.

Eit utgangspunkt er og at det er ressurskrevjande å byggja innfartsparkeringsanlegg og at slik utbygging må vurderast mot nytte og mot andre tiltak for å auka kollektivtrafikken.

I strategien er dei ulike hovudferdselsårene inn mot Bergen vurdert. Sotra (Sotra og Øygarden) er sett på som eit eige område. Innfartsparkering på Straume vert drøfta – og fylkeskommunen ynskjer leiga plassar på Straume.

I samband med vidare arbeid med Sotrasambandet og nytt vegsamband nord/sør på Sotra vil vidare utvikling av innfartsparkering verta vurdert.

Vurdering:

Det er ein del innfartsparkering i området rundt bussterminalen i Skogsskiftet. Med ei vidare positiv utvikling av busstilbodet frå denne terminalen og betre tilrettelegging for parkering for dei som ynskjer ta bussen, er potensialet for å auka talet på kollektivreiser til stades.

Storparten av innfartsparkeringa i Skogsskiftet er knytt til arbeidsreiser i rush-tida. Det ligg difor ikkje til rette for sambruk av desse plassane på dagtid – og det er det offentlege som må sikra tilgang på slik parkering. Me har lite kunnskap om i kva grad avgiftsbetaling ville påverka omfanget av innfartsparkeringa. Med eit kollektivtilbod som var sikra betre framkome enn i dag, ville sikkert interessa for innfartsparkering vore større – og då ville det gjerne og vera større vilje til å betala.

Nedtrapping av rutetilbodet på lokalrutene i kommunen, tilseier at det vert satsa på innfartsparkering i Skogsskiftet.

Økonomiske konsekvensar:

Ved terminalen i Skogsskiftet eig det offentlege opparbeidd parkeringsareal. Dette vert i stor grad disponert av bussane som trafikkerer terminalen. I arbeidet med rullering av kommunedelplanen for Skogsskiftet må framtidig plassering av terminal og parkeringsanlegg vurderast på nytt. Sykkelparkering kan takast inn i denne planlegginga.

Sund kommune og Hordaland Fylkeskommune bør i fellesskap sikra større kapasitet på innfartsparkeringa. Kostnader vil vera avhengig av omfanget på aktuelle tiltak.

Nytt vegsamband nord/sør på Sotra må finansierast med bompengar. Nye bom-stasjonar vil auka interessa for å reisa kollektivt. Det bør planlegginga av kapasitet på innfartsparkeringa ta omsyn til.

Tilråding til vedtak:

1. Sund kommunestyre er positiv til at Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein strategi – og ynskjer å satsa på tilrettelegging for innfartsparkering.
2. Sund kommunestyre meiner at styrking av tilbodet om innfartsparkering nær bussterminalen i Skogsskiftet har eit potensiale for å få fleire til å reisa kollektivt – og eit slikt tilbod bør byggjast ut nær terminalen. Kommunen ynskjer å samarbeida med fylkeskommunen om planar for slik utbygging.

02.12.2014 FORMANNSKAPET

F-095/14 Framlegg frå formannskapet (samr.):

Tilrådinga vert vedteken.

16.12.2014 KOMMUNESTYRET

K-118/14 Vedtak:

Tilrådinga vart vedteken samrøystes.

Rett utskrift	
Dato:	Kopi til:
	Hordaland Fylkeskommune
	Storebø, Gerhard Inge
	Østervold, Liv Margareth